

Styret si årsmelding

VERKSEMDA

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar vasskraft.

SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Hordaland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådals-vassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8.75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 451 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i egne dotterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i egne selskap. Desse er alle sett i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 153 GWh. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saundefaldene.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

VIDARE DRIFT

Årsrekneskapet er avlagt under føresetnad om vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Ved utgangen av 2023 hadde SKL 62 tilsette og 3 lærlingar, mot 54 tilsette og 2 lærlingar i 2022. Totalt utgjør dei 62 tilsette 59 årsverk i 2023 mot 54 årsverk i 2022.

SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift. Det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapleg fokus på: helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er, i samarbeid med den einskilde, fagforeiningane, bedriftshelsetenesta og NAV, å redusere sjukefråværet og leggje til rette for at tilsette kan arbeide lenger før uttak av pensjon.

I 2023 hadde SKL 1 skade hjå tilsette, med fråvær, og med det ein H1, og H2-verdi på 10,1. Tilsvarende tal for 2022 var det ingen skade med fråvær og H1, og H2-verdi lik 0. Samla sjukefråvær var 3,9% mot 2,8% i 2022.

SKL har tilsett ressurs som har ansvar for systematisk HMS-arbeid. SKL har samarbeidsavtale med bedriftshelseteneste og er IA-bedrift.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har 3 tilsette- og 3 arbeidsgjevarrepresentantar. I tillegg møter representant frå administrasjonen og bedriftshelsetenesta. AMU gjennomførte 4 møter i 2023. Faste saker er internkontroll, oppfølging av sjukefråvær, arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uynskte hendingar. AMU handsamar og rapportar frå HMS- tenesta, byggjesaker og AMU-årsrapport.

Det er teikna ansvarsforsikring for styrets medlemmer og dagleg leiar.

LIKESTILLING

Under følgjer oversikt for kjønnslikestilling i selskapet pr. 31.12.2023:

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette i verksemda	12	49
Midlertidige tilsette (antall)	1	0
Tilsette i deltidsstillingar (antall)	0	0
Gjennomsnittleg antall veker foreldrepermisjon	1,4	0,4

Selskapets styre består av 2 kvinner og 6 menn. Leiargruppa i selskapet består av seks personar, og av desse er ei kvinne.

SKL sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering er forankra i selskapet sine levereclar som mellom anna seier: «I SKL er alle likeverdige. Ingen skal diskriminera eller forskjellsbehandla medarbeidarar, samarbeidspartnarar, kundar eller andre interessentar på grunnlag av religiøs overtyding, kjønn, seksuell legning, alder, politisk overtyding, etnisk opphav eller andre forhold. I SKL skal me løfte kvarandre fram. Alle er ansvarlege for å bidra til eit godt arbeidsmiljø og god skikk og bruk er ein del av vår kvardag. Me skal ha ein bevisst haldning mot ein kvar form for mobbing. SKL aksepterer ikkje nokon form for trakassering, diskriminering eller annan åtferd som kan oppfattast som trugande eller nedverdige ovanfor kollegaer og andre interessentar.»

Varslingsrutine er etablert, og desse legg føringar for varsling av kritikkverdige forhold. Det er også etablert livsfasetilpassa personalstrategi som blant anna tek for seg områda tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv. Selskapets administrasjon er ansvarleg for å sjå til at det blir jobba aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering.

Ytre miljø

I SKL utviklar og driftar me vasskraftverk. Me produserer miljøvenleg energi - elektrisk straum.

Drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga, og landskapsbiletet lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand.

Mest synleg er naturinngrepa. All aktivitet påverkar omgjevnadane og miljøet kring oss – også vasskraftproduksjon. Utbygging av vasskraft medfører inngrep i naturen. Av den grunn har det vore, og vil det vera, diskusjonar og ulike meiningar knytt til utbygging. Vassdragsregulering endrar dei fysiske tilhøva og livsgrunnlaget for fisk og andre vasslevande organismar. Samstundes kan reguleringa i nokre høve skapa miljø som er gunstigare for dyrelivet, ved å dempa dei negative og forsterka dei positive faktorane. I SKL er me opptatte av at utbyggingsløyisingar og miljøinngrep skal utøvast så skånsamt som råd. Me har tru på kunnskapsbasert forvaltning og jobbar med å etablere avbøtande løyisingar.

Regulering av vassdrag har også andre positive miljøeffektar. Regulering kan i einskilde høver verka flaumførebyggande, redusera skade på natur og eigedom, og sikra høgare kritisk lågvassføring samanlikna med kva naturen sjølv gjev.

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Det vil seia at gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder med meir, skal overhaldast til ei kvar tid. Kraftverka vert drifta og overvaka frå driftssentralen på Stord. Sentralen er døgnbemanna og syt for at vilkåra i konsesjonane vert følgde. Eventuelle avvik vert følgt opp.

Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv vert samfunnsnytta i form av tilført rein og fornybar energi (kWh) stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein temporær og kortvarig anleggsfase.

SKL vil arbeida for ei berekraftig verd, og selskapet sitt hovudbidrag er knytt opp mot følgjande berekraftsmål:



SKL har utarbeidd spesifikke mål og tiltaksplanar for å nå desse. Arbeidet vert dokumentert i SKL sin årlege Berekraftsrapport, denne finn du på www.skl.as

Selskapet har i 2023 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har skada ytre miljø.

NVE gjennomførte miljøtilsyn hos SKL i 2023. Tilsynet omfatta synfaring og orientering i tidleg fase av Tøsse kraftverk, Blåfalli Fjellhaugen kraftverk og dei nye kraftverka Hardeland kraftverk og Litledalen kraftverk. Innspel og løysingsforslag vart utveksla og drøfta. Einungstølsåna kraftverk vart synfart og inspisert etter avslutta byggjefase. Prosjektet fekk positiv omtale frå NVE og ingen merknader om avvik.

Selskapet har ikkje opplevd noko vesentlege uynskte hendingar med påverknad av ytre miljø i 2023, knytt til utført anleggsarbeid.

I 2023 vart 8 hendingar knytt til låg minstevassføring i småkraftverk meldt vidare til NVE. NVE har for dei 2 siste hendingane konkludert med at dei ikkje har konsekvens for ytre miljø og har lukka sakene. NVE har ikkje gitt tilbakemelding på dei andre sakane.

OM DRIFTA

Etter eit 2022 prega av uro i energimarknaden i Europa, har forholda normalisert seg gjennom 2023 til tross for den pågåande krigen i Ukraina. Energibalansen er styrka både for gassmarknaden i Europa og for magasin fyllinga i Norden. Prisane har på denne bakgrunnen også komme monnaleg ned frå nivået i 2022.

For SKL var produksjon i 2023 på totalt 2172 GWh. Det er 126 GWh eller ca 5,5 % mindre enn det som er rekna som middel produksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 99 GWh, mot middelproduksjon for anlegga som utgjer 153 GWh. Avvik mot middelsproduksjon skyldast at 1 kraftverk er iverksett i 2023 og har ikkje fullt produksjonsår. Det har også vert lavere tilsig enn normalt i 2023.

Magasininnhaldet ved inngang til 2023 var på 68,1 %, mens den ved utgangen var på 56,2 %. Total nedbør i Matre vart 2937,3 mm (ca 11 % lavere enn normalt) mot 3581,5 mm i 2022.

Det har vert god tilgjengelegheit i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Det har vert gjennomført vanleg vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjon. Førebuande tiltak i samband med føreståande idriftsetjing av Ljøkelsvatn Kraftverk har påverka kjøremønsteret i Ljøkelsvatn- magasinet for Hardeland Kraftverk.

Snittpris for 2023 i prisområdet Blåfalli (NO2) vart 90,4 øre/kWh. Det er 128,10 øre/kWh lavere enn i 2022. Prisen var høgast i januar med 126,6 øre/kWh, mens den lågaste prisen fekk vi i oktober med 50,6 øre/kWh.

Hovedvolumet av kraft vert seld til løpande spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL vart 96,0 øre/kWh mot 223,4 øre/kWh i 2022. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 76,2 øre/kWh mot 176,4 øre/kWh i 2022.

Dekningsbidraget av kraftomsetninga var for 2023 på 1 908,4 mill.kr mot 4 877,3 mill.kr i 2022 (Sal energi fråtrekt kjøp energi) i SKL AS, og 1 998,5 mill.kr i 2023, mot 5 093,1 mill.kr i 2022 i konsernet. Totalt dekningsbidrag inkludert sal av sertifikat og systemtenester og med frådrag for leige av fall, vart for SKL 2 036,8 mill.kr og for konsernet 2 116,2 mill.kr, mot 5 017,9 mill.kr og 5 178,6 mill.kr i 2022.

OM ÅRSREKNESKAPEN

Resultat

Rekneskapen for 2023 syner omsetning på 2 419,5 mill. kr. for konsernet og 2 429,6 mill. kr. for morselskapet. Resultat før skatt er 1 847,1 mill. kr. for konsernet, tilsvarande tal for morselskapet er 1 863,7 mill. kr. Overskot etter skatt er 669,0 mill. kr. for konsernet og 691,6 mill. kr. for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var kr 1 745,6 mill. kr. for konsernet og 1 639,1 mill. kr. for morselskapet i 2022. Skattekostnad i konsernet utgjør 1 1178,1 mill. kr., medan skattekostnad for morselskapet utgjør 1 172,2 mill. kr. «Avgift på kraftproduksjon» («Høgprisbidrag») er klassifisert som driftskostnad og utgjør 109,8 mill.kr for konsernet og 105,8 mill.kr morselskap.

Totalt er resultat for konsernet før skatt 3 005,1 mill. kr. lågare enn tilsvarande tal førre år og 1 076,6 mill.kr lågare etter skatt. Tilsvarande for morselskapet er ei fall på 2 856,2 mill.kr før skatt og 947,5 mill.kr etter skatt:

- Til tross for historisk sett god pris i 2023 fall den kraftig tilbake frå 2022. Saman med noko svakt tilsig vart dekningsbidrag redusert med 3 062,4 mill.kr for konsernet og 2 981,1 mill.kr for morselskapet. Med unntak av ca. 8 GWh knytt fastprisavtalar for sluttbrukar er all kraft solgt til marknadspris.
- Kostnader til overføring av produsert kraft auka med 125,0 mill.kroner for konsernet og 126,5 mill.kroner for morselskapet. Dette skuldast at den negative marginalkostnaden/ energiledd i området der produksjonen vert innlevert i nettet vart redusert i 2023 i forhold til 2022.
- Lønnskostnadene auka med 5,7 mill.kroner for konsernet og 3,9 mill.kr for morselskapet målt mot 2022. Total lønn inkludert balanseførte lønnskostnader auka med 6,8 mill.kr eller 9,4%. Auken skyldast både lønnsvekst på i underkant av 6% og auke i tal på tilsette.
- Andre driftskostnader vart redusert med 1,9 mill.kr for konsernet og 2,8 mill.kr for morselskapet. Ein stor del av reduksjonen kan tilskrivas reduksjon i kostnad til avbrottsforsikring som igjen heng saman med kraftpris. Selskapet vert elles også påverka av høg generell prisauke gjennom 2023.
- «Avgift på kraftproduksjon» vart innført med verknad frå 28.september 2022, og er ei avgift på 23% av kraftprisen på delen av prisen som overskyt 70 øre/kWh, vekta på månadsnitt. Avgifta gjeld for produksjonen i alle kraftverka med generator påstempla merkeyting over 10 000 kVa. Utrekna avgift utgjør 109,7 mill.kr i 2023 for konsernet og 105,8 mill.kr for morselskapet fram til avgifta vart avvikla ved inngangen til september 2023.
- Avskrivningane i konsernet aukar med idriftsetting av eit nytt kraftverk, mens avskrivningane i morselskapet aukar grunna andre mindre investeringar.
- Ledig likviditet er hovudsakleg plassert i konsernkontosystem ilag med største eigar Haugaland Kraft AS. Totalt 1 111,9 mill.kr var plassert i konsernkonto ved utgangen av 2023 som selskapet mottek tilnærma marknadsrente for.
- Inntekt frå tilknytt selskap etter eigenkapitalmetoden har fall frå 20,5 mill.kr i 2022 til negativt 4,8 mill.kr i 2023. Fallet skuldast både driftsutfordringar i deleigde kraftverk, men også tap på andre investeringar.
- Rentekostnadene har auka med 12,5 mill.kr for konsernet og 12,4 mill.kr for morselskapet målt mot 2022. Selskapet har flytande rente på all lånegjeld i 2023. Ein rentebytteavtale på 300 mill.kr har oppstart i 2024.
- Skattekostnaden er redusert til 1 178,1 mill.kr for konsernet og 1 172,2 mill.kr for morselskapet, noko som gir ein effektiv skatt på hhv. 63,8% og 62,9 % mot 64,0% og 65,3% i 2022. Desse skattane kjem i tillegg til eigedomsskatt, konsesjonsavgift, konsesjonskraft og nyleg avvikla avgift på kraftproduksjon.

Investeringar og langsiktige fordringar

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen er det investert i varige driftsmidlar for netto 135,1 mill. kr. i 2023. Dei største postane gjeld:

- 68,3 mill. kroner på prosjektet Løkjelsvatn Kraftverk i Etne, venta idriftsett tideleg våren 2024.

- 9,2 mill.kroner er nytta til utbygging av småkraftverk, herav er eit idriftsett i 2023.
- 7,3 mill.kr er nytta i samband med utgreiingar til nye utbyggingar.
- 6,9 mill.kr er nytta til nytt IT-system for produksjonsplanlegging.
- 3,4 mill.kroner er nytta til engasjementet i Sima- kraftverka.
- 3,7 mill.kroner er nytta til engasjementet i Ulla Førre- kraftverka.
- 30,4 mill.kroner er nytta til revisjon og utbetringar av eksisterande kraftverk
- 5,9 mill.kr er nytta til kjøp av verktøy, utstyr og vedlikehald/ombygging av bygg mv.

I tillegg er det nytta 18,3 mill.kr til finansielle investeringar i tilknytt selskap og datterselskap.

Balanse og likviditet

Likviditetssituasjon pr. 31.12.2023 sterk med bankinnskot og innestående på konsernkonto på totalt på 1 370,1 mill.kr for konsernet og 1304,6 mill.kr for morselskapet.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2023 negativ med 95,5 mill. kroner for konsernet. Tilsvarende for 2022 var negativ med 442,0 mill. kr. Skattegjeld på 998,4 mill.kr til forfall i 2024, saman med utbytteavsetning på 400,0 mill.kr, er dei to dominerande elementa i den kortsiktige gjelda.

Likviditetssituasjonen er god. I tillegg har konsernet unytta kassakreditt på 300 mill.kr. Samla gjeld knytt til obligasjonar, og andre lån og kassakreditt utgjer er 614,3 mill.kr pr. 31.12.2023, mot 621,7mill.kr pr 31.12.2022. Det er forfall for langsiktig gjeld på 3 mill.kr i 2024. Kontantbeholdning, kortsiktig kapitalplassering og unytta kassakreditt i kombinasjon med venta innbetalingsoverskot frå drifta gir god margin for dekning på forfall for kortsiktig gjeld og investeringar i kommande periode.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbyte til eigarar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 58,8% mot 36,2% ved utgangen av 2022. Auken skuldast kraftig fall i balansesum som følgje av redusert kortsiktig gjeld knytt til betalbar skatt. Marknadsv verdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn balanseførte verdiar. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved, og omfanget av verksemda i konsernet.

Kontantstraum

Konsernet hadde negativ kontantstraum frå drifta på 1 553,9 mill. kr. etter betaling av skatt på 3 108,0 mill.kr og endring i driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarende tal for 2022 var positivt med 4 218,2 mill.kr. Endringa skylast etterskotsvis betaling av skatt for 2022 som hadde svært sterke kraftprisar.

Etter netto investeringar i driftsmidlar og finansielle eigedelar med 141,2 mill. kroner er netto kontantstraum før finansiering negativ med 1 695,1 mill.kr mot positiv 4 067,0 mill. kroner i 2022. Etter innløyasing av langsiktig finansiering, utbetaling av utbytte og plassering av overskotslikviditet enda netto likviditetsendring gjennom året på negativ med 368,9 mill.kr mot positivt 407,5 mill.kr i 2022.

Morselskapet hadde negativ kontantstraum frå drifta på 1 513,9 mill.kr. etter betalt skatt, endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarende tal for 2022 var positivt 4 055,1 mill.kr.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilete av verksemda og finansiell situasjon for 2023. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2023.

FRAMTIDIG UTVIKLING

2022 har vært eit spesielt år for kraftmarknaden og baud på krig, tørke og hetebølge som gav kriser for kraftmarknaden. 2023 var meir prega av normalisering, men med framleis sterke kraftprisar

Konsernet sine kraftverk og magasin viste gjennom begge desse åra verdien av både høg magasingrad, god reguleringsevne og isbreen Folgefonna si evne til å jamne ut tilsiget. Resultatet er at SKL har levert tilnærma normal produksjon og tilsig, godt tilpassa marknaden sitt behov for kraft.

Framtidig inntening og finansiell stilling vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2024 har kraftprisen felle noko tilbake, og marknaden viser tendensar til auka volatilitet drive av meir uregulert kraft som i større grad svingar med vind, sol og svingningar i tilsig.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon og auke av effekt for betre utnytting av svingningar i marknaden sitt kraftbehov.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å genererer stor positiv kontantstraum.

SKL vil framover fortsette å ha fokus lønnsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og på den andre arbeide for å ytterlegare optimalisere og effektivisere SKL som eit reint produksjonsselskap.

FINANSIELL RISIKO

SKL står blant anna ovanfor følgjande finansielle risiko:

- Pris-, volum- og valuta risiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft.
- Renterisiko knytt til låneportefølje.
- Refinansierings-risiko.

Pris-, volum- og valutarisiko

SKL er eksponert for prisrisikoen for krafta som selskapet produserer. Prisen i kraftmarknaden er volatil. På kort sikt er prisen svært sensitiv til hydrologisk situasjon og til prisen i andre marknader som gass, kull og utsleppskvotar. Etter utbygging av meir uregulert kraftproduksjon som vind- og småskala vasskraft er prisen også blitt meir sensitiv til vind- og nedbørssituasjon på kort sikt. Den nordiske kraftmarknaden er også sterkt korrelert med den europeiske.

SKL har over tid stått med ein strategi der all kraftproduksjon vert solgt til spot-pris. SKL er difor svært eksponert for endringar i marknadsprisen, noko som ytterpunkta i resultatata i 2020 i målt mot 2022 viser. 2023 er eit meir «normalt» år, men med sterke kraftprisar.

SKL har ein solid finansiell stilling og eigarar som kan handtere risikoen med å være eksponert for endringane i marknadsprisen. Sjølv om kortsiktige svingingar kan dempast ved førehandssal av kraft, er det ikkje sannsynleg at dette over tid vil gi betre resultat, og kan heller ikkje beskytte mot langsiktige endringar i kraftmarknaden.

Med kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

Renterisiko

Selskapet sin renterisiko frå låneportefølja vert delvis sikra gjennom rentebytteavtalar. Grunna sterk finansiell stilling/låg nettogjeld er renta ikkje sikra med verknad for resultatet i 2023. Ein rentebytteavtale på 300 mill.kr med 5 års løpetid har oppstart i Q3 2024.

Re-finansieringsrisiko

Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og re-finansiering. Kort løpetid i låneportefølja aukar denne risikoen. Risikoen vert handtert gjennom spreiding av forfall over tid, samt finansieringsrammer gjennom trekkrettar/kassakreditt i tillegg til likviditetsbeholdning.

RESULTATDISPONERING

SKL si målsetjing er langsiktig verdiskaping og utvikling av selskapet. For å bidra til å bygga ein kapitalbase for vidare vekst, er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet.

Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

Styret sitt forslag til disponering av overskottet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2023:

Avsett til utbytte	kr	400 000 000
<u>Avsett til annan eigenkapital</u>	<u>kr</u>	<u>291 596 000</u>
Sum disponering	kr	691 596 000

Stord, den 27. februar 2024

John Martin Mjånes
Adm. direktør

Pablo Barrera
Styreleiar

Olav Osvoll
Nestleiar

Jorunn Håvardsholm
Styremedlem

Olav Linga
Styremedlem

Ketil Konglevoll
Styremedlem

Mette Heidi Ekrheim
Styremedlem

Egil Åkra
Styremedlem tilsette

Bjørn Rune Lekven
Styremedlem tilsette